

# RAPPORT GRØN KONSESJON

SF-SU 38

LOKALITET BUKKHOLMEN (11721)

**SULEFISK AS**



Sulefisk AS fekk 04.07.14 tildelt løyve SF-SU 38. Konsesjonen vart tildelt i gruppe C ved tildeling av grøne konsesjonar. Sulefisk sine målsetjingar om å finne løysingar som i vesentleg grad kan bidra i kampen mot lakselus og redusere risiko for at akvakulturproduksjon vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming, var tydeleg i samsvar med Forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i 2013 § 14 2. ledd.

Tilsagnet vart gitt på følgjande vilkår;

- Produksjon i lukka flytande anlegg fram til fisken veg minst 1 kg.
- Bruk av luseskjørt ved produksjon i ope anlegg.
- Bruk av fisk med økt motstandsdyktigheit mot lus.

**SULEFISK AS**

Eide 62, NO-6924 Hardbakke, Norway - Tel. (+47) 57786933 - [www.sulefisk.no](http://www.sulefisk.no)

## Målsetjing og metode:

Målsetjing med produksjon i lukka merd (type: Ecomerden) er å produsere postsmolt fram til fisken veg minst 1 kg. Deretter vert fisken sett ut i open merd med luseskjørt. På denne måten vil fisken få lågare lusepåslag og færre lusebehandlingar.



Sjøvatnet til Ecomerden vert pumpa inn på 27 meter djup gjennom 4 sirkulasjonspumper. Totalt vert det pumpa 2 400 L per sekund og det tek litt over 30 minuttar å skifte ut heile volumet i merda. Dette innber god sirkulasjon og jamn temperatur for smolten. Målet er at ved å pumpe inn vatnet på 27 meters djup unngår ein overflatevatnet der luselarvar /-egg tradisjonelt ligg. Ecomerden har også automatisk logging av O<sub>2</sub> og temperatur, i tillegg er det kontinuerleg overvaking med alarmberedskap ved feilmeldingar / brot i systemet

Smolten kjem fra settefiskanlegget og vert sett ut i Ecomerden. Her vert den røkta på same måte som i tradisjonelle opne merdar fram til utsett i open merd. Stabilt merdmiljø gjev fisken ro i «startfasen» i sjø.



Figuren over viser produksjonsregimet kombinert med Ecomerden. Her ser ein den aktuelle prosessen for generasjon H17 som vart levert frå settefiskanlegget Sol Smolt, sett ut i Ecomerden og deretter flytta til open merd (M3) ved Sulefisk sin lokalitet Juvik.

## Erfaringar produksjon i (semi)lukka merd:

Sulefisk sette i desember 2020 ut 151 000 stk smolt med snittvekt 84 gram i Ecomerden. Dette er den 5. generasjonen med postsmolt vi produserer i den (semi)lukka merda.

### Lusefri produksjon

Alle generasjonar i Ecomerden er produsert lusefritt og såleis utan behandling for lus.

### Generelt god fiskehelse og fiskevelferd

Fasen i Ecomerden gjev gode moglegheiter for å legge til rette for god fiskevelferd og fiskehelse gjennom mellom anna optimale oksygenverdiar, stabile vasstemperaturar og å unngå inntak av overflatevatn. Ved utsett i opne merdar ser postsmolten til å vere meir robust enn anna smolt m.o.t. sjukdomsutbrot og dødlighet.

Det har vist seg at dødelegheita har vore vesentleg lågare for fisk frå Ecomerden etter utsett i sjø. Dette til tross for at den har vorte utsett for dei same miljøparameter som anna fisk ved same lokalitet, og fått påvist både fiskesjukdommar som PD og gjellelidinger etter utsett i open merd.

### Tilvekst

Sulefisk erfarer at tilveksten i Ecomerden er nokså normal, men med ein noko lågare akkumulert RGT (Relativ vekst indeks) enn for fisk i open med ved same fase. I løpet av vinteren og tidlig vår er temperaturen svært stabil, men utover våren viser det seg at temperaturen i Ecomerden er lågare enn i open merd. Dette kan eventuelt vere bakgrunnen for ein noko därlegare tilvekst i denne fasen.

Ved utsett til open merd ser vi at postsmolt frå Ecomerden klarer seg svært bra og med omsyn til appetitt og dødelegheit presterer den betre enn fisk sett ut på tradisjonell måte i open merd. Tilveksten for postsmolt i fasen frå utsett i open merd er høgre enn for fisk som har gått i open merd frå utsett.

### PD-utbrot

Området Sulefisk har lokalitetar i har tradisjonelt stor grad av PD-smitte. Det har derfor vore ein suksess at dei første 4 generasjonane med produksjon i Ecomerden har vore utan PD-smitte. Å unngå overflatevatn ved inntak av sjøvatn på 27-28 meters djup vurderer Sulefisk som ein av dei viktigaste faktorane til denne suksessen.

I april 2020 vart det påvist PD på postsmolt i Ecomerden (H19) kort tid før fisken skulle flyttast til open merd på lokalitet Guleskjeret. Til tross for sjukdomsutbrot var fisken i forholdsvis god form og der var ikkje markant auke i dødelegheit i merda. Utbrotet gav Sulefisk store utfordringar med omsyn til flytting til open lokalitet og vidare røkting. Sulefisk si Ecomerden kan produsere postsmolt opp til maksimalt 1 kg med omsyn til fiskens fiskevelferd og fiskehelse. Det var såleis ikkje mogleg å halde fisken i merda lenger enn planlagt. Grunna påvist PD kunne vi ikkje flytte postsmolten i samsvar med produksjonsplan.

Lokalitet Guleskjeret hadde allereie både motteke og planlagt mottak av friske grupper med smolt og kunne iflg regelverket ikkje ta i mot fisk med påvist PD-smitte.

Alternativa var anten å finne ein annan lokalitet som kunne ta i mot PD-sjuk fisk eller destruere postsmolten. Verken økonomisk eller etisk sett kunne det siste alternativet forsvarast. Etter søknad til Mattilsynet fekk Sulefisk ikkje innvilga dispensasjon til å nytte nokre av våre eigne, tomme lokalitetar med bakgrunn i brakklegging og brakkleggingssoner. Sulefisk gjekk derfor i dialog med andre oppdrettarar i området. Til alt hell kunne Engesund Fiskeoppdrett røkta fisken vidare for oss ved ein av sine lokalitetar med eit allereie pågåande PD-utbrot.

Resultatet av denne erfaringa er at Sulefisk har planlagt å legge om produksjonsplanane sine. Risikoene ved å ikkje få flytte postsmolten til lokalitet med frisk fisk ved evt. framtidig PD-utbrot i Ecomerden er for høg. Vi planlegg derfor å legge brakk vår lokalitet Fureholmen og øyremere denne til postsmolt frå Ecomerden. Dette vil vonleg redusere dei negative konsekvensane ved eit evt. framtidig PD-utbrot i Ecomerden.

## Produksjon i open merd med luseskjørt

Sulefisk har gjennom fleire år produsert fisk, både postsmolt frå Ecomerden og tradisjonell smolt, i opne merdar med luseskjørt. Våre erfaringar tilseier at luseskjørt kan vere formålstenleg mot lus i periodar på året, men at bruk av luseskjørt ikkje er heilt problemfritt. Låge oksygenverdiar kan medføre nedsett fiskevelferd og auka risiko for mellom anna gjelleidinger hos laksen. Ved avlusing kan også luseskjørt medføre auka risiko for resmitte av lus i anlegget. For optimal bruk av luseskjørt ser vi det nødvendig å drifte med lågare tettleik i merdane. Dette vil vi gjennomføre med å øyremere lokalitet Fureholmen til produksjon etter vilkåra i det grøne løyet.

## Vidare satsing

Det grøne løyet til Sulefisk er pr i dag tilknytt lokalitet 11721 Bukkholmen. Sulefisk ynskjer å legge om driftsplanane sine slik at postsmolten frå Ecomerden kan settast ut i opne merdar på Fureholmen og verte røkta vidare der i tråd med vilkåra i det grøne løyet. Dette vil innebere lågare tettleik i merdane, postsmolt frå lukka merd og bruk av 10 meter djupe luseskjørt.

Eide 22.03.2021



Sissel Kråkås  
Kvalitetsleiar

**Sulefisk AS**

6924 Hardbakke

Tlf.: 57 78 69 33 Fax: 57 78 69 39

Foretaksreg.: NO 999 638 872

**SULEFISK AS**

Eide 62, NO-6924 Hardbakke, Norway - Tel. (+47) 57786933 - [www.sulefisk.no](http://www.sulefisk.no)